



STORD
KOMMUNE



Skogatufto barnehage (foto: Emma Ölander Aadland)

KOMMUNEDELPLAN BARNEHAGE 2015 – 2025 STORD KOMMUNE

Vedteken i kommunestyret 19.03.2015

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek med heimel i § 11-1 i plan- og bygningslova kommunedelplan barnehage 2015-2025 slik han ligg føre
2. Kommunestyret prioriterer tiltak i den rekkefølge som skissert i barnehageplanen med rehabilitering av dei kommunale barnehagane
3. Kommunestyret godkjenner prinsipp for barnehagebygg slik dei ligg føre i barnehageplanen, og ber administrasjonen greia ut endeleg driftsmodell for nye kommunale barnehagebygg slik det går fram av premissane i saka
4. Kommunestyret vedtek at neste større barnehageutbygging i Stord kommune skal skje i oppvekstområde Sagvåg/Litlabø, og at barnehagen skal stå ferdig i 2018. I god tid før investeringsbeslutning / val av utbyggingsmodell skal det fremjast ei sak som greier ut dimensjonering, fysisk plassering, trafikale tilhøve, økonomiske konsekvensar, kommunal vs privat utbygging, miljøpåverknad og andre relevante faktorar. Ny barnehage skal erstatta dagens plassar i Sagvåg og Litlabø barnehage. Det føreslåtte oppveksttunet på Litlabø skule skal også vurderast i saka.
5. Kommunestyret ber om at base for multifunksjonshemma barn vert utgreidd særskilt
6. Kommunestyret ber om at det vert særskilt vurdert å utvida eksisterande barnehagar i område med underskot av barnehageplassar.
7. Kommunestyret ber om at det vert sett fokus på friluftsliv og uteaktivitetar for born i barnehagane på Stord. Dette gjeld både eksisterande barnehagar og nye barnehagar.
8. I framtidig planarbeid skal spørsmålet som angår menneske med funksjonshemming ikkje skal handsamast særskild

Handsaming

Samrøystes vedteke (røysta samla over framlegget til slutt)

Forord

I 2009 vart det innført lovfesta rett til barnehageplass i Noreg. Det vil sei at barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehage frå august same år.

Nasjonal og internasjonal forskning viser at barnehage gir barn ein god start i livet. Innføring av rett til barnehageplass gir alle barn tilgang til eit av samfunnet sine viktigaste velferd- og utdanningstilbod.

I samband med kommunebudsjett for 2013, vart det vedteke at det skulle utarbeidast kommunedelplan for barnehageområdet. I planprogrammet heiter det at det skal leggjast vekt på:

- framtidige behov for barnehageplassar og kor dei skal plasserast
- prinsipp for barnehagebygg

Planen er eit overordna politisk styringsdokumentet for vidare utvikling av barnehagesektoren i kommunen.

Planarbeidet har vore organisert med kommunestyret som prosjekteigar, Komité for oppvekst og utdanning som styringsgruppe. Kommunalsjef Marianne Jacobsen Hilt har vore prosjektansvarleg og Kjell Nesbø prosjektleiar. Prosjektgruppa har hatt slik samansetjing:

- Kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt – prosjektansvarleg (PA)
- Kjell Nesbø, seniorrådgjevar – prosjektleiar (PL)
- Ragnhild Storebø, barnehagefagleg rådgjevar
- Rune Hansen, fagsjef bygg Stord kommunale eigedom
- Anita Gysland Borrevik, styrar i Sagvåg og Litlabø barnehage (kommunal)
- Hilde Grindevik, styrar i Sæ barnehage AS (privat)
- Tor Langeland, økonomikonsulent
- Per Jarle Valvatne, tillitsvalt fagforbundet
- Mariann Steinsland, tillitsvalt utdanningsforbundet

Kommunelege, folkehelsekoordinator, leiar for helse, miljø og tryggleik, vegmynde, med fleire har kome med viktige innspel til planen.

Innhald

Samandrag	6
1. Innleiing	8
1.1 Oppdrag	8
1.2 Oppbygging av plandokumentet	8
2. Nasjonale styringssignal og rammer	9
2.1 Nasjonale føringar	9
2.2. Lover og forskrifter	9
2.3. Lovfesta rett til barnehageplass	10
2.4. Rammefinansiering av barnehagar	10
3. Standard kommunale barnehagebygg	12
3.1 Furuly barnehage	12
3.2 Skogatufto barnehage	13
3.3 Trodlaugaugen barnehage.....	14
3.4 Tjødnalio barnehage	15
3.5 Sagvåg og Litlabø barnehage – avdeling Sagvåg	16
3.6 Sagvåg og Litlabø barnehage – avdeling Litlabø	17
4. Barnehagetilbodet i dag.....	18
4.1 Kommuneplan for Stord kommune	18
4.2 Barnehagetilbodet i Stord kommune	20
4.3 Kostnader drift av barnehagar	21
4.4 Kartoversyn over barnehagane i kommunen	23
5. Prinsipp for barnehagebygg	25
5.1. Bakgrunn	25
5.2 Føringar i barnehagelova	25
5.2.1 Utforming av barnehagebygget.....	25
5.2.2 Fleksible barnehagebygg og areal.....	26
5.2.3 Barnehagestorleik og bemanningsnorm.....	26
5.2.4 Barnehagestruktur	27
5.2.5 Netto leike- og opphaldsareal	28
5.3 Barnehagen sitt areal og funksjonar	28
5.4 Barnehagen som arbeidsplass	31
5.5 Folkehelselova	31

5.6 Oppsummering prinsipp kommunale barnehagebygg	32
6. Framtidige behov for barnehageplassar	33
6.1 Prognosar og utviklingstrekk	33
6.2 Oppveksttun på Litlabø	34
6.3 Kommunal eller privat utbygging	34
6.4 Behov for nye barnehageplassar	35
6.5 Konklusjon	36
7. Skisse til investeringsbehov 2015-2025	37

Samandrag

Målsetjinga med planarbeidet er å leggja grunnlaget for og vidareutvikla eit barnehagetilbod som gjev innbyggjarane i Stord kommune eit tenleg tilbod, og som gjer at kommunen oppfyller plikta si til å gje eit tilbod i samsvar med barnehagelova sine bestemmelsar. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad innan lokal frist, rett til barnehageplass frå august same år.

I 2011 vart barnehagesektoren rammefinansiert, og kommunen fekk ansvar for at godkjente private barnehagar vert handsama likeverdige med kommunale ved tildeling av offentleg tilskot (barnehagelova §14 med forskrifter).

Om lag 75 % av barnehageplassane i Stord kommune er private. Fordelinga på landsbasis er om lag 50 % privat drift og 50 % kommunal drift.

«Prinsipp for fysisk miljø inne og ute i barnehagar i Stord kommune» er oppdatert og innarbeida i planen. Dei største endringane er at romma vert nærare omtala, og at føringar i folkehelselova er teke inn. Prinsippa skal leggjast til grunn ved bygging av nye kommunale barnehagar og ved påbygging/ombygging av eksisterande.

Barnehagane sitt godkjente leike- og opphaldsareal regulerer kor mange barn barnehagen kan ta inn. Planen legg opp til arealnorm som anbefalt av kunnskapsdepartementet med eit leike- og opphaldsareal inne på 4m² for barn frå 3 år og eldre og 5,3 m² for barn under 3 år. Arealet på uteområdet skal vera seks gonger det godkjente leike- og opphaldsarealet inne. Dette inneber ei vidareføring av gjeldande arealnorm.

Statistisk sentralbyrå si prognoseberekning viser ein auke med 134 førskulebarn i perioden 2015-2020. Med den nye Tyse FUS barnehage as i 2015 tilseier prognosane at Stord kommune har nok barnehageplassar til og med 2017. Kapasiteten lyt såleis aukast frå 2018. Planen legg til grunn at det vert etablert ein ny barnehage i Tjødnalio med plass til inntil 170 barn. Større barnehagar vil venteleg medføra stordriftsfordelar og følgjeleg lågare samla utgifter til barnehagedrift for Stord kommune. Det bør difor vurderast å overføra barnehageplassane i Sagvåg og Litlabø barnehage til nytt lokale i Tjødnalio. Planen legg følgjeleg opp til å revidera planane om eit oppvekstun/kombinert skule og barnehage på Litlabø. Dette spørsmålet må handsamast i eiga sak.

Sagvåg og Litlabø barnehage sine lokale er svært lite eigna til barnehagedrift, og ligg i lokale som ikkje er bygt for formålet. Barnehagen bør ikkje vera i lokala dei har i dag meir enn nokre få år til.

Stord kommune har eit godt samarbeid med private utbyggjarar, som står for brorparten av barnehagetilbodet i kommunen. Det vert i planperioden lagt opp til at vidare utbygging av barnehageplassar skjer i kommunal regi. Det vil medverka til å gje kommunen større grad av styring og kontroll. Det er vidare eit forhold at kommunen sitt økonomiske insitamentet for vidare privat utbygging ikkje lenger er like stort.

Det lagt inn 0,5 mill kr i 2015 til naudsynt opprusting av Sagvåg og Litlabø barnehage med tetting av tak og nytt kjøkken i avd Sagvåg (i Nysæter kyrkje), og opprusting av avd Litlabø. Dersom det vert vedteke å byggja nytt kommunalt barnehagebygg i Tjødnalio innan 2018, med plass til barna i Sagvåg og Litlabø barnehage, bør rehabilitering av denne barnehagen vurderast på nytt.

Prognose for folketalsutvikling i Stord kommune viser at det er trong for fleire barnehageplassar i 2021 og 2025. Dette med utgangspunkt i at det vert bygt om lag 80 – 90 plassar per utbygging.



Furuly barnehage (foto: Emma Ölander Aadland)

1. Innleiing

1.1 Oppdrag

I premissane for budsjett og økonomiplan 2013-2016 står det følgjande:

”Rådmannen vil i 2013 sjå på moglegheita for å utarbeida kommunedelplan for barnehageområdet med gjennomgang av status/tilstand i kommunale barnehagar, utarbeiding av kommunale føringar for barnehageutbygging, bemanningsfaktor, prinsipp for barnehageutbygging og oversikt over utsikter framover med omsyn til barnehageplassar (befolkningsprognose med særleg fokus på tal barn 0-5 år). Vidare vil det verta utarbeidd treårig kompetanseplan for dei kommunale barnehagane, samt ei analyse av framtidig behov for arbeidskraft. Ein vil følgja opp dette i samband med kommunen sin planstrategi.”

Stord kommune har ein politisk vedteken plan for kvalitetsutvikling for område Oppvekst, periode 2014-2017. Kompetanseplan for oppvekst er under utarbeiding.

Som del av budsjettvedtaket for 2014 vedtok kommunestyret følgjande:

«Kommunen har i budsjettet for 2014 lagt inn netto kr. 110,4 mill i tilskot til private barnehagar. I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,5 mill kr per år i økonomiplanperioden til fordeling på dei kommunale barnehagane.

Endringar i sentrale barnehagetilskot skal dekkast innan barnehageområdet. Dette gjeld likevel ikkje for eventuell endring i forskrift for likebehandling av barnehagar som no er på høyring. Eventuell endring her vert å koma attende til i revidert budsjett.

Kommunen har per i dag ikkje eit overordna planverk for barnehagesektoren. Den førre barnehageplanen var for perioden 2000-2003. Etter denne tid er det gjort enkeltvedtak med godkjenning av nye barnehagar (private) og påbygging og oppgradering av kommunale barnehagar.

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida ein barnehageplan der framtidig barnehagestruktur i Stord kommune skal drøftast».

1.2 Oppbygging av plandokumentet

Planen er bygt opp i tråd med vedteke planprogram. Barnehageplanen gjer greie for rammeverk for drift og vidare utbygging av barnehagesektoren; mål og ambisjonar, lovgjeving og finansiering, situasjonen i dag, standard på barnehagebygg, barnehagetilbodet i kommunen i dag og prinsipp for nye barnehagebygg. Vidare gjev planen føringar for vidare barnehageutbygging i kommunen.

2. Nasjonale styringssignal og rammer

2.1 Nasjonale føringer

Regjeringa har gitt eit løfte om å auka kvaliteten på tilbodet i barnehagane. Det pågåande arbeidet med revidering av barnehagelova og rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, skal medverka til eit tilbod med auka fokus på kvalitet. Revidert barnehagelov og rammeplan er planlagt sendt på høyring i 2015, og skal vera gjeldande frå 2016.

Det er barnehageeigar sitt ansvar at barnehagane har ei drift som er i tråd med gjeldande lover og reglar. Kommunen har som lokalt barnehagemynde ansvar for å rettleia og sjå til at barnehagane vert drivne i tråd med dette. Stord kommune har mellom anna utarbeida fleire planar og retningslinjer for dei kommunale barnehagane for å bidra til at dei har den kvaliteten på tilbodet som styresmaktene etterspør.

Meld.ST.24 (2012-2013) – Framtidens barnehage – gir viktige signal om vidare utvikling av barnehagesektoren.

Kommunen si fremste oppgåve er å gjennomføra staten sin barnehagepolitikk og syta for at innbyggjarane får eit barnehagetilbod som er i tråd med sentrale føringer.

2.2. Lover og forskrifter

Barnehagelova og forskrifter

Barnehagelova er under revidering. Det vert mellom anna vurdert å innføra to barnehageopptak i året for å redusera ventetida for familiar med barn fødd 1. september eller seinare. To opptak i året vil mellom anna medføra at kommunane må etablere ei ny organisering for barnehageopptaket, og auka barnehagekapasiteten.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova gjev kommunen ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev særleg tilrettelegging, m.a. barn og unge.

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (universell utforming)

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova er ei lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Arbeidsmiljølova

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at lova vert fylgd. Ved påbygging/ombygging av eksisterande barnehagar og nybygg er det viktig at ein legg til grunn retningslinjer i lova og tilhøyrande forskrifter. Her gjeld det mellom anna kontorarbeidsplassar for pedagogar, generelle personalfasilitetar, m.m.

Folkehelselova med forskrifter

Folkehelse står for innbyggjarane si samla helse, og korleis helsa er fordelt i samfunnet. Folkehelselova seier at kommunen skal fremja folkehelse innan dei oppgåver kommunen har ansvar for. Dette betyr at folkehelseperspektivet skal leggjast til grunn ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar

Føremålet med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular er å bidra til at miljøet i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skade.

Internkontrollforskrifta

Føremålet med Forskrifta er å fremja ei betring i verksemdene sitt arbeid innan arbeidsmiljø og tryggleik. Ho skal vera med å førebyggja helseskade eller miljøforstyrringar frå produkt eller forbrukartenester og vern av ytre miljø mot forureining og sikra betre handsaming av avfall.

Opplæringslova

Barn under opplæringspliktig alder har etter Opplæringslova rett på teiknspråkopplæring, sakkunnig vurdering og spesialpedagogisk hjelp.

Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr

Føremålet med forskrifta er å førebygga at leikeplassutstyr medfører helseskade for brukarar eller tredjepart, når utstyret vert brukt til dei føremål det er laga for eller slik ein kan rekna med at barn brukar det.

2.3. Lovfesta rett til barnehageplass

I 2009 vart det innført lovfesta rett til barnehageplass i Noreg. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad innan lokal frist, rett til barnehageplass frå august same år. Kommunen har ansvar for at det er barnehageplassar til alle barn med rett til slik plass.

Barn har rett til barnehageplass i kommunen dei er busett. Det vil sei at barn av til dømes studentar og arbeidstakarar med bustadadresse i Stord kommune, men som er folketalsregistrert i ein annan kommune, har rett på barnehageplass i Stord kommune.

Kommunane har ikkje krav om geografiske barnehagekrinsar, men utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale tilhøve og behov (barnehagelova §12a). Retten til barnehageplass er oppfylt når barnet har fått tilbud om plass frå august i kommunen det bur i, sjølv om tilbodet ikkje er i ein barnehage det er søkt plass i.

Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. Søknadsfrist for opptaket vert fastsett av kommunen. Barnehagane sine opptakskriterium står omtalt i vedtektene deira.

2.4. Rammefinansiering av barnehagar

Barnehagesektoren vart rammefinansiert i 2011, og kommunen fekk då ansvar for at godkjente private barnehagar vert handsama likeverdig med kommunale barnehagar ved tildeling av offentleg tilskot (barnehagelova §14 med forskrifter).

I rammetilskotet til kommunen er det midlar til driftstilskot til barnehageplassar til barn med rett til plass. Det er opp til kvar kommune kor mange barnehageplassar dei vil byggja utover dette.

Private barnehagar som tek inn barn utan lovfesta rett til plass, får driftstilskot av kommunen og for desse barna.

Private barnehagar, som var godkjent før barnehagesektoren vart rammefinansiert, har rett på driftstilskot i høve tal barn dei kan tilby plass innanfor godkjent leike- og opphaldsareal. Private barnehagar som ynskjer å etablera seg etter at sektoren vart rammefinansiert, må søkja kommunen om driftstilskot.

Kommunen tek utgangspunkt i driftsutgiftene i eigne barnehagar ved utmåling av tilskot til dei private barnehagane. Kommunar som ikkje har eigne barnehagar skal bruka nasjonale satsar.

Driftstilskot private barnehagar (minstesatsar)	
Opptappingsplan	Prosent
Per 01.08.2009	85 %
Per 01.08.2010	88 %
Per 01.08.2011	91 %
Per 01.08.2012	92 %
Per 01.08.2013	96 %
Per 01.08.2014	98 %
Per 01.01.2015	100 %

Per dato inneber likeverdig handsaming av ikkje-kommunale barnehagar at dei får minimum 98 % av det dei kommunale barnehagane brukar på drift, avgensa oppover til hundre prosent. Regjeringa starta i 2009 ein opptappingsplan fram mot full likehandsaming, det vil sei hundre prosent frå 01.01.2015. Kommunane vert kompensert for auken i prosentandelen over statsbudsjettet kvart år. Dei kan velja å liggja på ein høgare prosent tilskotsats enn minimum.

3. Standard kommunale barnehagebygg

3.1 Furuly barnehage



Tomte-/uteareal:

Furuly barnehage har eit tomteareal på **ca. 3920 m²** og ligg i eit flott skogsområde med tilgang på turar i skog og mark. Utearealet inneheld parkeringsplass, eit stort inngjerda område med variert terreng med ballbane, leikeutstyr, klatrestativ, snikkarbu, uthus m.m.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning (4 grupper)	Leike-/opphaldsrom for 4 grupper, garderober med tilhøyrande bad og toalettrom, opphalds-/soverom, allrom, kjøken, personalrom, kontor, personalgarderobe/toalett og boder	425	1988
Tilbygg	Grovgarderober, stellerom, vognlager, lager, vindfang og kontor	60	2006
Vognskur	Vognskur	20	2011
<i>Samla areal</i>		<i>505</i>	

Tilstandsvurdering av barnehageanlegget:

Furuly barnehage sin hovudbygning er 26 år gamal, men framstår likevel med ein relativt god utvendig standard/tilstand.

Barnehagebygningen treng følgjande utbetringstiltak:

- Kondens/lekkasje frå takvindaug
- Doble ytterdørar – må skiftast ut
- Utsifting av kjøkeninnreiing og golvbelegg
- Takarmatur som gjer dårleg lys
- Støy frå ventilasjonsanlegg
- Sikring av mur på nordsida

Kostnadsoverslag for ovannemnde vert på til saman kr. 0,5 mill.

Barnehagen har elles eit fint og variert uteareal og gode tilhøve for friluftsliv og turar i nærliggjande skog/friområde.

3.2 Skogatufto barnehage



Tomteareal/uteareal:

Skogatufto barnehage har eit tomteareal på ca. **4570 m²** og ligg på Storasletto.

Utearealet inneheld parkeringsplass, eit stort inngjerda uteområde variert terreng med leikeutstyr og ymse uthus m.m.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning	Leike-/opphaldsrom for 3 avdelingar/grupper med garderobar, WC, tørkerom, vaskerom, kvilerom, isolat, personalrom, kjøken, personalgarderobe/toalett og kontor. Kjellar: vaktmeisterrom, bod og teknisk rom	415 55	1973
Tilbygg 1	Leike-/opphaldsrom for 2 avdelingar/grupper med garderobar, WC/stellerom, isolat, lagerrom og vindfang	185	1979
Tilbygg 2	Personalrom, aktivitetsrom, vassleik, stellerom, kontor, ymse lagerrom og 2 grovgarderobar	155	2002
Tilbygg 3	Vognskur	25	2010
<i>Samla areal</i>		835	

Tilstandsvurdering av barnehageanlegget:

Barnehagen er bygd ut i fleire omgangar der hovuddel er frå 1973 og 3 tilbygg, der dei to siste er av nyare dato.

Tilstanden til den eldste delen av barnehagen tilseier stor trong for både utvendig og innvendig rehabilitering. Med bakgrunn i dette er det i investeringsprogram for 2014 – 2017 sett av midlar i 2015 og 2016 til rehabilitering av den eldste delen av barnehagen.

Barnehagen har i tillegg til eit godt og variert uteområde gode tilhøve for friluftsliv og turar i nærmiljøet.

3.3 Trodlaugan barnehage



Tomteareal/uteareal:

Trodlaugan barnehage har eit tomteareal på **ca. 2590 m²** og ligg i Trodlaugan inntil ballbane. Utearealet inneheld parkeringsplass, inngjerda uteområde med variert terreng med leikeutstyr og ymse uthus m.m.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning	Leike-opphaldsrom for 2 grupper, garderobar med tilhøyrande bad og toalettrom, soverom, kjøken, kantine, personalrom, 2 kontor, personalgarderobe/toalett og bodar	290	1987
Tilbygg	Leike-opphaldsrom for 2 grupper, garderobar med tilhøyrande toalettrom, vassleik, utvendig vognlager og ventilasjonsrom på loft.	200	2007
Nybygg	Uthus	20	2007
<i>Samla areal</i>		<i>510</i>	

Vurdering av barnehageanlegget:

Trodlaugan barnehage er bygd ut i to omgangar med ein hovudbygning og eit tilbygg i 2007. Bygningen er av relativt god standard, men ber preg av at den ligg i eit tidlegare myrområde, noko som mellom anna har medført innvendige setningsskadar.

Bygningen treng følgjande utbetringstiltak:

- Solavskjerming på sydvendte fasadar
- Vanskeleg tilkomst til uteareal pga. smal port

Kostnadsoverslag for ovannemnde vert på til saman kr. 100.000:

- Fjerning av utvendig vassamling inn mot grunnmur
- Innvendige setningsskadar (sprekkar i golv, feil fall på våtromsgolv m.m.)

Kostnadsoverslag for ovannemnde er svært vanskeleg å gje utan grundig forundersøking.

Barnehagen har eit avgrensa uteareal til leik, men har gode tilhøve for friluftsliv og turar i nærmiljøet. Parkeringstilhøve for tilsette er avgrensa.

3.4 Tjødnalio barnehage



Tomteareal/uteareal:

Tjødnalio barnehage har eit tomteareal på **ca. 5875 m²** og ligg i eit flott skogsområde med tilgang på turar i skog og mark. Utearealet inneheld parkeringsplass, eit stort inngjerda uteområde med variert terreng med ballbane, leikeutstyr, klatrestativ, ymse uthus m.m.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning (4 grupper)	Leike-/opphaldsrom for 4 grupper, garderobar med tilhøyrande bad og toalettrom, opphalds-/soverom, allrom, kjøken, personalrom, kontor, personalgarderobe/toalett og bodar	425	1989
Tilbygg	Grovgarderobar, stellerom, vognlager, lager, vindfang og kontor	60	2006
Vognskur	Vognskur	20	2012
<i>Samla areal</i>		<i>505</i>	

Vurdering av barnehageanlegget:

Tjødnalio barnehage sin hovudbygning er 26 år gamal, men framstår likevel med ein relativt god utvendig standard/tilstand.

Barnehagebygningen treng følgjande utbetringstiltak:

- Utskifting av golvbelegg (utslitt)
- Utskifting av kjøkeninnreiing
- Museband ved underkant utvendig kledning
- Solavskjerming av vindaug mot sør og vest
- Doble ytterdørrar – må skiftast ut
- Takarmatur som gjer dårleg lys
- Sluk i golv i stellerom
- Sandfang i grusgang fungerer dårleg
- Ras frå tak (is/snø) ved sløys
- Skog rundt barnehagen skuggar for uteområdet

Kostnadsoverslag for ovannemnde vert på til saman kr. 0,4 mill.

3.5 Sagvåg og Litlabø barnehage – avdeling Sagvåg



Tomteareal/uteareal:

Avdeling Sagvåg har eit tomteareal (utanom bygningen) på **ca. 1850 m²** og ligg i underetasjen til Nysæter kyrkje. Lokala er ikkje bygd med tanke på barnehagedrift og er lite egna for føremålet. Det er begrensa moglegheit for utbetring og oppgradering av lokala. Utearealet inneheld felles parkeringsplass med kyrkja, inngjerda uteområde med variert terreng med leikeutstyr, uthus mm.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning	Leikerom for 3 grupper, garderobar, soverom, stellerom, bad, toalett, fellesrom, kjøken, personalrom, kontor, personalgarderobe og lager	385	1993
<i>Samla areal</i>		385	

Tilstandsvurdering av barnehageanlegget:

Avdeling Sagvåg ligg i underetasjen til Nysæter kyrkje og har dei siste åra vore plaga med vasslekkasjar gjennom taket. Det same gjeld for kyrkja som har same takteking.

Med bakgrunn i dette er det i investeringsprogram for 2014 – 2017 sett av midlar til Stord kyrkjelege fellesråd for rehabilitering av taket på heile bygningen.

I tillegg må kjøkeninnreiing skiftast ut.

Kostnadsoverslag for ovannemnde vert på til saman kr. 100.000,-.

Barnehagen har eit variert men noko avgrensa uteareal til leik, men har gode tilhøve for friluftsliv og turar i nærmiljøet.

3.6 Sagvåg og Litlabø barnehage – avdeling Litlabø



Tomteareal/uteareal:

Avdeling Litlabø har eit tomteareal på **ca. 1850 m²** og ligg i Gruvo 1.

Utearealet inneheld felles parkeringsplass med kyrkja, inngjerda uteområde med variert terreng med leikeutstyr, uthus/vognskur m.m.

Bygning	Innhald	m ²	Byggeår
Hovudbygning	1. etasje: Stove, kjøken, vindfang, gang, vaskerom og trapp. 2. etasje: 2 leikerom, malerom, gang og kontor	150	1900
Tilbygg	1. etasje: garderobar, vaskerom og 2 toalett 2. etasje: personalgarderobe/toalett og personalrom, lager	72	2004
<i>Samla areal</i>		222	

Tilstandsvurdering av barnehageanlegget:

Avdeling Litlabø ligg i eit eldre bustadhus med eit nyare tilbygg. Den eldste bygninga er gamal og nedsliten og treng følgjande utbetringstiltak:

- Utvendig og innvendig maling
- Nytt golvbelegg på kjøken
- Utskifting av ymse innreiing som t.d. kjøkeninnreiing, toalett, utslagsvask m.m.
- Tilfredsstillande ventilasjon
- Lågt vasstrykk må ordnast
- Våtrom må utførast i samsvar med våtromsstandard
- Fjerne vassinntrenging i uthus/vognskur

Kostnadsoverslag for ovannemnde vert på til saman kr. 0,35 mill.

4. Barnehagetilbodet i dag

4.1 Kommuneplan for Stord kommune

Kommuneplanen er det dokumentet som først og fremst styrer det framtidige behovet for kor nye barnehageplassar skal koma. Kommuneplanen har nye utbyggingsområde med til saman 2 526 bustader. Med unnatak for bustader for personar med særlege behov, skjer tilrettelegging av bustadfelt i privat regi. I kva bydel og når utbygginga skjer er difor i stor grad styrt av tilbodet på byggjeklare tomter og husvære.

Den siste femårsperioden har det vore bygging av nye bustadar i alle områda i kommunen, men hovuddelen har vore i Valvatnafeltet, Ås/sentrum, Heiane/Horneland og Tyse/Nordbygdo. Ein ser for seg at bygginga i planperioden i stor grad vil skje i Heiane/Digernesområdet, Valvatna, Almås, Lønningsåsen, Vestlio/Tyse, Hystad og Rukjenområdet.

Av kommuneplanen går det fram at bydelane og lokalsentra i kommunen skal vidareutviklast som gode bustad- og opphaldsområde, med rom for utvikling av næring og offentleg service. Planen deler kommunen inn i fylgjande område:

- Sagvåg/Litlabø
- Heiane/Digernes/Eldøy
- Leirvik sentrum
- Nordbygdo

Område Sagvåg/Litlabø

Dei største utbyggingane i dette området er knytt til Rukjen, Vikanes og Sagvåg /Polden. I nærleiken av nye Sagvåg skule er det sett av areal til barnehage på kommunalt eigd grunn. Nysæter/Litlabø området har berre små utbyggingar i planperioden. Det er i tillegg planlagt utbygging av nye bustadar i Tjødnalio, Valvatnafeltet, Almås innmark og Almås utmark. Utbygging i Valvatnafeltet er i gang, medan Almås inn- og utmark ikkje er starta.

Sagvåg/Litlabø (Sagvåg, Vikanes, Litlabø, Tjødnalio og Valvatna) er det området i kommunen som har færrest barnehageplassar i høve etterspørsel. Ved hovudopptaket i 2014 fekk 40 barn, som var søkt inn i barnehagar i dette området, barnehagetilbod i eit anna område. Det området bør difor prioriterast ved vidare utbygging av barnehageplassar.

Ved Tjødnalio barnehage er det eit kommunalt område på om lag 20 dekar som eignar seg godt til utbygging av fleire barnehageplassar.

Område Heiane/Digernes/Kårevik

I område Heiane/Kårevik er det i sett i gang utbygging i Kåreviksmarka og Eldøy, medan utbygging Digernes/Hatland ikkje er vedteke oppstart. Det er lagt inn areal for barnehage i området.

Dette området har færrest barnehageplassar per i dag. Ved hovudopptaket i 2014 fekk 15 barn som var søkt inn i barnehagar her barnehageplass i eit anna område.

Område Leirvik/sentrum

Område sentrum har den nest største veksten i nye bustader med det største feltet i Lønningsåsen og på Ås. Det er ikkje fastsett tidspunkt for utbygging i Lønningsåsen. I reguleringsplanen for Lønningsåsen er det lagt inn areal for barnehage.

I område sentrum er etterspurnad og tal barnehageplassar i balanse per 2014. Det er dette området som har flest barnehageplassar per i dag.

Område Nordbygdo

I kommuneplanen står det at det er planlagt utbygging av om lag 120 bustader på Hystad. Området er ikkje detaljregulert, og det er ikkje fastsett tid for utbygging av dette området. Rommetveit får dei største utbyggingane i Vestlio, Tysemarkjo og Prestagardslio med om lag 300 nye bustader.

Bustadutbygginga i Tysemarkjo og andre byggjeklare tomter i området, er grunngevinga for at kommunen har godkjent bygging av Tyse FUS barnehage as i dette området. Med ny barnehage på Tyse, vil Nordbygdo ha eit godt utbygt barnehagetilbod i høve etterspørsel i planperioden.



Furuly barnehage (foto: Emma Ölander Aadland)

4.2 Barnehagetilbodet i Stord kommune

Tal barn i barnehagar i Stord kommune 15.12. 2013			
Kommunale barnehagar barnehage	Samla tal barn	Tal barn 1-2 år	Tal barn 3-5 år
Furuly barnehage	45	10	35
Sagvåg og Litlabø barnehage	62	13	49
Skogatufto barnehage	80	24	56
Tjødnalio barnehage	45	14	31
Trodlahaugen barnehage	53	14	39
Totalt kommunale barnehagar	285	75	210
Private barnehagar	Samla tal barn	Tal barn 1-2 år	Tal barn 3-5 år
Dalen FUS barnehage AS	56	18	38
Frien barnehage AS	9	5	4
Heiane barnehage	(16)	(6)	(10)
Kristne barnehagar AS			
Adv Bergly familiebarnehage	8	8	
Avd Stuastølen gardsbarnehage	18		18
Kåreviksmarka FUS barnehage AS	69	20	49
Monica & Maritas familiebarnehage	8	8	0
Naustvågen barnehage	47	15	32
Olderdalen FUS kulturbhg AS	96	34	62
Prestagardskogen FUS bhg SA	54	18	36
Sæ barnehage AS	124	58	66
Sævarhagen FUS barnehage AS	97	34	63
Sågvåg Maritime FUS bhg AS	82	29	53
Valvatna FUS barnehage AS	60	19	41
Vikahaugen barnehage	14	7	7
Villvettene friluftsbarnhage	34	3	31
Ås barnehage	75	27	48
Totalt private barnehagar	867	309	558
<i>Totalt</i>	<i>1152</i>	<i>384</i>	<i>768</i>

Barnehagane i Stord kommune har ulik storleik. Den minste familiebarnehagen har 8 barn og den største ordinære barnehagen har 124 barn.

Om lag 30% av barna i barnehagane i Stord kommune er under tre år.

Om lag 75 % av barnehagebarna i kommunen går i private barnehagar.

Fleire barnehagar nyttar ikkje heile det godkjente leike- og opphaldsarealet. Ein av grunnane til dette er at fordelinga av talet på små- og store barn endrar seg frå år til år, noko som får konsekvensar for storleiken på barnegruppene og pedagog- og personaltettleiken.

Tal barn i barnehagar i dei ulike områda i Stord kommune 2013	
Namn område	Tal barn
Område Sagvåg/Litlabø	275
Område Heiane/Kårevik	227
Område Leirvik sentrum	348
Område Nordbygdo	286
<i>Totalt</i>	<i>1 136</i>

Barna i Heiane barnehage er ikkje med i oversynet, då barnehagen i hovudsak gjev tilbod til barn ved Heiane mottakssenter.

Godkjent leike- og opphaldsareal regulerer kor mange barn ein barnehage kan tilby plass. Barn under tre år skal ha større areal enn barn som er tre år og eldre. Hausten 2014 fekk Ås barnehage auka det godkjente leike- og opphaldsarealet med 8 – 10 barnehageplassar. Tyse FUS barnehage AS startar opp i 2015. Barnehagen vil ha kapasitet til å gje tilbod til om lag 85 - 90 barn i alderen 1 – 5 år (100 storbarnsplassar).

4.3 Kostnader drift av barnehagar

Kostnadsoversyn kommunale barnehagar 2013					
Kostnader	Furuly bhg	Sagvåg/Litlabø bhg	Skogatufto bhg	Trodlahaugen bhg	Tjødnalio bhg
Driftskostnad	4 624 402	6 151 013	8 070 774	5 389 774	4 675 238
Tal barn	45	62	80	53	45
Driftskostnad per barn	102.765	99.210	100.885	101.694	103.894

Oversynet viser at det er element av stordriftsfordelar i barnehagane. Kostnadsbiletet varierer likevel også etter andre forhold. M.a. varierer lønskostnadene som følgje av ulik ansiennitet og etter/vidareutdanning blant dei tilsette, og fordeling store/små barn i den einskilde barnehage.

Tilskotsatsar full plass - private barnehagar 2014						
Barnehagar	Nasjonale tilskotsatsar			Førebels tilskotsatsar Stord kommune		
	Drift	Kapital	Totalt	Drift	Kapital	Totalt
Ordinære barnehagar, barn 0-2 år	Kr 191 300	Kr 9 100	Kr 200 400	Kr 178 813	Kr 9 100	Kr 187 913
Ordinære barnehagar, barn 3-6 år	Kr 93 300	Kr 9 100	Kr 102 400	Kr 87 310	Kr 9 100	Kr 96 410
Familiebhg, barn 0-2 år	Kr 148 200	Kr 12 000	Kr 160 200	Kr 148 200		Kr 12 000
Familiebhg, barn 3- 6 år	Kr 113 200	Kr 12 000	Kr 125 200	Kr 113 200		Kr 12 000

Som det går fram av tabellen over ligg tilskotsatsane til dei ordinære private barnehagane i Stord kommune under nasjonale satsar. Dette fordi dei kommunale barnehagane heldt drifta på eit rimeleg nivå, og likeverdig handsaming av ikkje-kommunale barnehagar inneber at dei private barnehagane våren 2014 får 96% av det dei kommunale barnehagane brukte på drift og 98% for hausthalvåret.

Kapitaltilskotet til dei private barnehagane i kommunen er etter nasjonale satsar. Det er svært arbeidskrevjande å rekna ut rett sats på kommunalt kapitaltilskot. Kommunen har per i dag ikkje tilstrekkeleg grunnlag for utrekning av dette.

Stord kommune har ikkje eigne familiebarnehagar. Dei private familiebarnehagane får difor tilskot etter nasjonale satsar. Dei nasjonale tilskotsatsane til familiebarnehagar er lågare enn til ordinære barnehagar.

Tendensen i dag er at det vert bygt store barnehagar med plass til 100 barn eller meir. Talet på barnehagar i landet går ned, samtidig som talet på barn med barnehageplass aukar.

Store barnehagar har potensiale for meir kostnadseffektiv drift enn små. Dei har til dømes stordriftsfordeler ved innkjøp, større fleksibilitet i bruk av personalressursar og lågare byggekostnader. I barnehagar med plass til 100 barn og meir, vert driftskostnadene per plass gjerne lågare enn i ein liten barnehage. Det vert og byggkostnaden per plass. Grunnlaget for effektiv barnehagedrift vil først og fremst liggja i stordrift, barnehagebygg og organisering som sikrar fleksibel bruk og maksimal utnytting av godkjent leike- og opphaldsareal.

Samanlikning utgifter barnehage (kr)			
	Stord	Kommunegruppe	Landssnitt
2011	96 333	103 668	108 525
2012	112 584	111 258	115 459
2013	105 799	115 060	120 137

Av tabellen ser ein at Stord kommune brukar mindre midlar på barnehagedrift enn snittet i samanliknbare kommunar og i landet generelt.

4.4 Kartoversyn over barnehagane i kommunen




Fig 1. Oversikt barnehagar i område Sagvåg – Litlabø – Heiane




Fig 2. Oversikt over barnehagar i område Sentrum – Rommetveit

5. Prinsipp for barnehagebygg

5.1. Bakgrunn

Barnehagen sitt føremål og pedagogiske innhald er nedfelt i barnehagelova og rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen sine lokale skal utviklast i tråd med barnehagen sitt innhald og tilbod, synet på barn og læring og samfunnsutvikling generelt. Ulike styringsdokument regulerer dette:

- Lov om barnehagar med forskrifter
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- St.meld. nr. 41 (2008 – 2009) Kvalitet i barnehagen
- NOU 2012:1: Til barns beste – Ny lovgivning for barnehagar
- St.meld. nr. 24 (2012-2013) Framtidens barnehage
- Temahefte om barn med nedsatt funksjonsevne i barnehagen
- Vedtekter for kommunalt eigde barnehagar i Stord kommune

5.2 Føringer i barnehagelova

Barnehagelova slår fast at barn sitt behov for læring, opplevingar og meningsfylte aktivitetar skal vera retningsgjevande for utforming av barnehagen i høve innhald, drift og form.

Barnehagen sitt fysiske miljø dannar ramma rundt barnehagedrifta, og påverkar det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Utforming og organisering av barnehagen sitt leike- og opphaldsareal har stor betydning for barna si moglegheit for utfalding, skaparglede og utforskartrøng.

Ved planlegging av nye barnehagebygg og påbygging/ombygging av eksisterande, må det takast omsyn til føringer i barnehagelova med forskrifter. Brukarane bør også takast med i planlegginga.

Barnehagen skal vera ein kunnskaps- og danningstinstitusjon der grunnleggjande funksjonar er å gi eit pedagogisk tilrettelagt tilbod. Med utgangspunkt i at barndomen har ein eigenverdi, der verdigrunnlag og menneskesyn er sett i høgsete, skal barnehagen vera ein stad der barn får vera barn.

Den bygningsmessige utforminga må innby til og tilretteleggja for utvikling av relasjonar mellom barn, og barnehagen si innreiing skal stimulera barna til meistring og eigne val

5.2.1 Utforming av barnehagebygget

I barnehagelova §2 står det at barnehagen skal ha areal og nok utstyr til leik og varierte aktivitetar som fremjer rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Barnehagebygget skal vera utforma med tanke på å ivareta barn sitt behov for leik, læring, omsorg og medverknad. Bygget skal i tillegg vera estetisk og funksjonelt utforma.

Strategien universell utforming står sentralt i arbeidet med nedbygging av funksjonshemmande barrierer. Strategien er forklart slik i regjeringa sin handlingsplan:

«Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennsker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig utan spesiell tilpasning eller hjelpemidler».

5.2.2 Fleksible barnehagebygg og areal

Samfunnet og føresette ynskjer eit variert barnehagetilbod både når det gjeld pedagogisk innhald og opphaldstider. Barnehagedrift av i dag stiller difor andre krav til barnehagebygget enn tidlegare. Både synet på barn og kva som vert oppfatta som god barneomsorg har endra seg. Omgrepet «framtidias barnehage» går ofte att. Kva denne framtida vil bringa med seg av nye reformer og utfordringar, veit ein ikkje i dag. Det ein veit er at endringar kjem raskt. Stord kommune må difor tilstreba fleksible barnehagelokale og endringsvillig personale.

Ein barnehage må vera fleksibel så alle til ei kvar tid kan ta imot dei barna som har rett på plass. I tillegg må barnehagebygget vera funksjonelt slik at gruppestorleik og drift kan endrast utan at bygget må byggast om. Barnehagar med fleksibelt areal er ikkje inndelt i tradisjonelle avdelingar. Men for at barnehagen skal kunna ivareta eitt åringen sitt behov for tryggleik og nærleik til få vaksne, bør desse barna sitt tilbod vera organisert i skjerma basar/grupper.

Fleksible areal gir moglegheit for å organisera barna i faste grupper med tilknytting til ein base og gir moglegheit for:

- At samansetjing av grupper kan tilpassast endringar i alder
- At barnehagen har fleire rom som vert nytta av alle barn
- Styking av barnet si læring ved betre tilrettelegging av miljøet
- Ei best mogleg effektiv bruk av personale og areal

5.2.3 Barnehagestorleik og bemanningsnorm

Tendensen i høve storleik på nye barnehagar i landet er at dei vert større. Framleis går det flest barn i barnehagar med mellom 51 og 75 barn, men talet på barn som går i større barnehagar har auka dei fem siste år.

Døme modell for barnehagestorleik og bemanningsnorm:

- Fire basar/grupper barn 1 og 2 år, 14 barn per base/gruppe
- Fire basar/grupper barn 3 år og eldre, 27 barn per base/gruppe
- Fire årsverk per base/gruppe, der to årsverk har barnehagelærarutdanning.
- Flexibilitet i høve til eventuelle statlege krav om bemanning

Det vert til saman åtte basar med plass inntil 170 barn. Endeleg driftsmodell for nye barnehagebygg i Stord kommune må avklarast i eiga sak.

Ein barnehage med plass til 164 barn vil ha eit bruttoareal på om lag 1970 m², og ein investeringskostnad estimert til kr 50 mill. Ved vidare utbygging av barnehagetilbodet i Stord kommune, kan det byggjast ein kommunal barnehage i tråd med modellen over, i tilknytning til Tjødnalio barnehage.

5.2.4 Barnehagestruktur

Eit fleksibelt barnehagebygg sine kjenneteikn er:

- Mindre areal som er reservert for bestemte aldersgrupper
- Stor del av leike- og opphaldsarealet er fellesareal som vert brukt av alle barnegrupper, på skift eller samtidig
- Fellesareala er inndelt i større og mindre aktivitetsrom for bestemte funksjonar.

Summen av areal som er reservert for bestemte aldersgrupper, og summen av fellesarealet er det arealet som utgjer barnehagen sitt leike- og opphaldsareal inne.

I eit fleksibelt barnehagebygg er det viktig at:

- Den enkelte barnegruppe har ein fast base
- Personalet høyrer til i ei fast barnegruppe
- Det er god balanse mellom store og små rom
- Skjerming av barn som har trong for det vert ivareteke

Barnehagen skal gjennom den fysiske utforminga skapa gode rom for den skapande verksemda, og tilretteleggja for barn sin medverknad. Det fleksible barnehagebygget opnar for variasjonar. Det enkelte barn skal ha tilhøyre til ei fast barnegruppe som har sine faste rom, samtidig som bygget gir moglegheit for fleksibel gruppeorganisering. Personalet skal også ha fast tilhøyre til ei fast barnegruppe. Dei skal ivareta arbeidsoppgåvene sine ut frå denne barnegruppa vedrørande aktivitet og barna sitt behov for vaksne. Løysinga med fleksible bygg gir moglegheit for mange rom, store og små, opne rom og lukka rom. Utforminga gir ei høg grad av moglegheit for fleksibel bruk av rom og personalressursar.

Skjerming handlar om tilrettelagte grupper ut frå det enkelte barn sitt behov. Behovet for skjerming/tilrettelagte grupper er knytt opp mot behovet for:

- Trygge rammer
- Nærheit
- Tilhøyre
- Ein roleg kvardag med oversyn og som er forutseieleg

Alle barn har behov for tryggleik. Emosjonell tryggleik er det beste utgangspunktet for barn si utforsking, leik og læring. Dei minste barna i barnehagen og barn med særlege behov, har spesielt behov for skjerming.

Kvaliteten på tilbodet i barnehagar med fleksibelt areal heng saman med leiing, organisering, struktur og fysisk utforming, akkurat slik det gjer i alle andre barnehagar.

5.2.5 Netto leike- og opphaldsareal

Kunnskapsdepartementet si veiledande norm for inneareal i barnehagar er 4 m² netto leike- og opphaldsareal for barn frå tre år, og om lag 1/3 meir per barn under 3 år.

Tal barnehageplassar i høve areal- og pedagognorm			
Barn	Alder	Arealnorm (m ²)	Minimum pedagognorm
1	0 – 2 år	5,3	1 pedagog per 9 barn
1	3 – 5 år	4,0	1 pedagog per 18 barn

Godkjent leike- og opphaldsareal regulerer kor mange barn ein barnehage kan tilby plass. Utrekning av barna sitt areal tek utgangspunkt i dei romma som faktisk står til disposisjon for barna sine aktivitetar. Barn under tre år skal ha større leike- og opphaldsareal enn barn som er tre år og meir. Barnehageeigar fastset barnehagen sitt leike- og opphaldsareal, og barnehagemyndet i kommunen skal godkjenna det.

Planen legg opp til å vidareføra Stord kommune si arealnorm for dei kommunale barnehagane, som er 4 m² per barn frå 3 år og meir og 5,33 m² per barn under 3 år. Norma er i dag regulert i «Vedtekter for kommunalt eigde barnehagar i Stord kommune». Arealet på uteområdet bør ifølgje norma vera seks gonger det godkjente leike- og opphaldsarealet inne.

Barnehagen har rom som står til disposisjon for barna sine aktivitetar og rom som ikkje er ein del av barna sitt leike- og opphaldsareal. Areala inne delast i fylgjande soner:

- Hovudinngang/ankomst
- Leike- og opphaldsareal
- Rom for administrasjon og personale
- Birom, lager og tekniske rom

Areal til ankomstsoner, barna sine grovgarderobar, stellerom og toalett, rom for administrasjon og personale, birom og lager kjem i tillegg til barna sitt leike- og opphaldsareal. Ved utrekning av bruttoareal bygningsmasse tek ein utgangspunkt i om lag 12 m² per barnehageplass.

5.3 Barnehagen sitt areal og funksjonar

Hovudinngang

Mange barnehagar har fleire likeverdige inngangar og ingen hovudinngang. Bakgrunnen for dette er at barnehagane er planlagt med separate og sjølvstendige avdelingar. For besøkande vert det vanskeleg å orientera seg i bygget på grunn av dette.

Barnehagen får stadig nye oppgåver, og det er viktig at han verkar open og inviterande. Ein tydeleg markert hovudinngang, med tilgang til administrasjon og fellesrom, gjer det lettare å orientera seg for dei som kjem på besøk. I inngangssona får ein eit førsteinntrykk av barnehagen og utforminga skal signalisera «velkomen til oss». Inngangssona kan med fordel vera tilrettelagt som ein møteplass med moglegheit til å presentera det pedagogiske arbeidet.

Grovgarderobe

Utforminga av bygget må ivareta reine og skitne soner, jf forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Grovgarderoben må ha plass til at barna kan breia ut klede på golvet for å organisera påkledinga. Garderoben må liggja ved inngangspartiet til uteleikeplassen og gi plass til ytterklede og sko tilpassa ulike årstider. For at barna sakl verta mest mogleg sjølvhjelpne skal innreiinga vera tilpassa barna si høgd. Det må vera plass til personalet sitt yttertøy i barna sin grovgarderobe så dei kan vera gode rollemodellar og kunna kle på seg raskt når dei skal ut.

Fingarderobe

Garderoben skal vera tilpassa barna si høgd. Han må ha plass til at fleire barn kan kle på seg samtidig.

Toalett og stellerom

Toalett og stellerom skal vera tilgjengeleg frå basen. Stelleromma skal ha heve-/senkestelleplass med tilgang til vask. Basane vert tilrettelagt med stallekapasitet så barnehagen enkelt kan omdisponera bruk av basane i høve barna sin alder og behov.

Tilgang til toalett frå utearealet

Eit toalett med stellebenk skal vera plassert slik at barna kan nytta dette utan å gå inn i barnehagen.

Areal reservert for den enkelte barnegruppe

Dette er dei romma i barnehagen det enkelte barn har fast tilhøyre i. Desse romma skal ivareta barnet sitt behov for gruppetilhøyre og tilhøyre til faste vaksne. Dei yngste barna sitt særlege behov for eit miljø som sikrar oversyn, nærheit og tillit må ivaretakast.

Arealet som er reservert for den enkelte barnegruppe skal bestå av minst to rom. Større rom skal kunna delast i soner ved hjelp av reolar, skjermar og liknande. Desse romma skal ikkje vera gjennomgangsrom.

Allrom/fellsareal

Dette rommet skal ha funksjon som samlingsrom for barna og dei vaksne i barnehagen. Rommet skal brukast til fysiske aktivitetar, måltid, opptreden, feiringar og arrangement. Kjøkkenet i barnehagen kan vera del av dette rommet.

Grupperom

Barnehagen må ha grupperom til bruk for barn som treng oppfølging i smågrupper eller ein til ein.

Temarom

Temaromma skal brukast fleksibelt av barnegruppene. Innreiinga skal ta utgangspunkt i fagområda i rammeplanen. Fleksibilitet, organisering og utforming av romma skal motivera og fremja ønska aktivitet innanfor dei sju fagområda.

Rom for leik med vatn

Barn likar godt å leika med vatn. Denne leiken bør ikkje føregå i stellerom fordi det forstyrrar kontakten mellom barn som vert stelt og den vaksne som steller det. Denne leiken bør difor føregå i eige våtrom.

Lydtett rom

Barn har beho for å utfalda seg fysisk inne. Grovmotoriske aktivitetar og musikk kan laga mykje lyd. Minst eitt rom bør vera godt lydisolert.

Glas i innvendige veggjar

Glas i innvendige veggjar og dører fører til at både barn og vaksne kan sjå frå rom til rom. Det gjer det lett for både små og store å orientera seg. Løysinga gir moglegheit for innsyn og lysgjennomgang.

Vindauger

Barna sitt opphaldsrom skal ha god tilgang på dagslys. Vindaugene skal vera plassert slik at barn kan sjå ut utan å stå på noko. Basane skal ha store vindauger ut mot uteleikeplassen.

Soveplass

Små barn skal sova i løpet av dagen, og barnehagen skal ha tilbod om soving i vogn i eigna rom.

Barnehagen sitt uteareal

Barnehagen skal gi barn moglegheit for leik, livsutfolding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar (jf barnehagelova § 2). Utearealet i barnehagen bør vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne. I dette arealet reknar ein ikkje med parkeringsplass, tilkøyrslveggar og liknande (barnehagelova § 10).

Barnehagen sitt uteområde er eit pedagogisk rom. Utetida er først og fremst prega av barna sine sjølvvalte aktivitetar. Leikeplassen må tilretteleggjast slik at barna får varierte erfaringar og vert utfordra til allsidig aktivitet. Ved utforming av utearealet skal det takast omsyn til behovet for oversyn og behovet for konsentrert leik på avgrensa område.

Ved opparbeiding av leikeområdet skal naturkvalitetane på tomta i størst mogleg grad bevarast og nyttast. Barnehagebygget si plassering må vurderast og har betydning for kva kvalitetar uteområdet får. Det er viktig med solrike uterom som er noko skjerma for vind og ver ved barna sine inngangar. Det skal vera direkte utgang til uteleikeplassen frå den enkelte base.

Dei minste barna må ha ein solrik og noko skjerma leikeplass nær inngang, og det er viktig med god visuell kontakt mellom ute og inne.

Uteleikeplassen må tilretteleggjast så barn med funksjonshemming kan delta aktivt i uteleiken.

Utearealet må ivareta moglegheit for variasjon, så barna kan veksla mellom roleg leik og fysisk utfolding, vera i store og små grupper og åleine. Underlaget må vera variert og berre deler av arealet bør vera asfaltert. Store flater vert delt opp for å gi ein barnevenleg dimensjon

og eit spennande og variert miljø. Uteleikeplassen skal ha tre til å klatra i og som gjev skygge. Det bør plantast nyttebuskar som frukt/bær og buskar som framhevar dei ulike årstidene og som er tilpassa allergikarar på leikeplassen. Det skal vera bålpass og sandkasse til heilårsbruk på leikeplassen.

Det skal vera temarom/lite hus med tre veggjar. Desse husa vert brukt til ulike aktivitetar. Vidare må det vera bodar for uteleiker og reiskap. Bodane må utformast slik at barn kan henta og setja på plass leiker.

5.4 Barnehagen som arbeidsplass

Arbeidsmiljølova regulerer utforming og innreiing av arbeidsplassar og arbeidslokale gjennom arbeidsplassforskrifta. Forskrifta har som formål og sikra arbeidstakarane sin tryggleik, helse og velferd. Dette skal sikrast gjennom at arbeidsplassar og arbeidslokale er tilrettelagt og utforma i høve arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakar og særskilde risikoforhold.

Barnehagebygget si utforming som arbeidsplass for personalet skal vektleggjast ved nybygg og påbygging. Ein barnehage for framtida må ha moderne og fleksible løysingar i høve til kontorfunksjonar og personalet sine arbeidsoppgåver. Gode praktiske og ergonomiske løysingar for det daglege arbeidet med barna og tilrettelegging for bruk av ny teknologi må ivaretakast.

Personalfasilitetar vert samla i ein base med eigen inngang. Styrar sitt kontor skal vera lett tilgjengeleg og godt synleg for dei som kjem til barnehagen. Kontoret skal ha plass til eit møtebord.

Barnehagen skal ha eit arbeidsrom med to arbeidsplassar til kvar base. Han skal og ha eit kontor til merkantile oppgåver, arkiv, med meir. Vidare skal barnehagen skal ha fleire møterom for foreldresamtalar, interne møte og konsultasjonar. Romma vert innreia med ein arbeidsplass. Personalrommet vert innreia med ein liten kjøkkenkrok. Det bør vera to garderober med låsbare skåp og moglegheit for dusjing.

5.5 Folkehelselova

Kommunen har ansvar for å leggje til rette for at innbyggjarane opplever trivsel og kan ta gode val for helsa. Dei største utfordringane for folkehelsa i Noreg handlar om levevanar, psykisk helse og sosial skilnad i helse. Grunnlaget for god helse vert lagt i barndommen. Ein god barndom varer ikkje berre heile livet, han kan vara i generasjonar.

Barnehagen er ein viktig arena for å fremja helse og ei jamnare fordeling av helse. Eit vilkår er at barnehagen er tilgjengeleg og likeverdig for alle innbyggjarar, uavhengig av funksjon, økonomi, utdanning, livssituasjon, etnisitet og kultur. Det er nødvendig med eit differensiert og fleksibelt tilbod som tek omsyn til ulike behov og føresetnader, men med same krav til kvalitet.

Inaktivitet og overvekt er ei aukande utfordring. Plassering og utforming av barnehagar må gjerast slik at ein fremjar trygg og aktiv transport. Det bør leggjast vekt på at alle oppvekstområda har tilstrekkeleg tal barnehageplassar i nærmiljøet, og at det er gang/sykkelveg mellom barnehage og bustadområde. Stimulerande og utfordrande leikeareal og nærleik til naturområde er viktig. Barnehagen bør vere tilrettelagt for å laga mat.

For tilflyttarar og andre med lite nettverk, kan barnehagen vera ein viktig møteplass. Ved å tilby barnehageplass i nærområdet kan ein fremje lokal tilhøyre og nettverksbygging mellom familiane. Barnehagar i tilknytning til bustadområde kan vera arena for aktivitet og fellesskap utanom opningstida.

5.6 Oppsummering prinsipp kommunale barnehagebygg

Ved bygging av nye kommunale barnehagar eller påbygging av eksisterande, skal fylgjande prinsipp liggja til grunn:

- Barnehagen skal ha eit inkluderande fysisk miljø
- Bygning og areal skal ha god standard og sjå innbydande ut
- Barnehagen skal ha ein tydeleg hovudinngang
- Barnehagen skal ha eit allrom
- Barnehagen skal ha rom som gjev mogleheit for fleksibilitet i innhald og innreiing
- Barnehagen skal ivareta behov for skjerming, gjeld særleg dei yngste
- Barnehagen skal ha mykje lys og luft, vindauger/glas for oversyn og innsyn og låge vindauger som dei minste barna kan sjå ut/inn av.
- Barnehagen skal ha solrike uterom med moglegheit for skugge
- Barnehagen skal ha eit variert utemiljø

6. Framtidige behov for barnehageplassar

6.1 Prognosar og utviklingstrekk

Folketalet i Stord kommune har auka jamt dei siste åra. I gjeldande kommuneplan for Stord kommune står det at det er venta ei gjennomsnittleg folketalsframskriving på om lag 1% per år i perioden 2015-2021.

Prognose tal barn i alderen 0-5 år i Stord kommune 2012 – 2040 (SSB)							
Vekst	2012	2015	2020	2025	2030	2035	2040
Middels vekst	1 456	1 584	1 718	1 794	1 770	1 736	1 752
Høg innvandring	1 456	1 598	1 764	1 892	1 940	1 990	2 079
Inga innvandring	1 456	1 540	1 532	1 511	1 459	1 411	1 401

Stord kommune har middels nasjonal vekst. Prognosar hjå SSB viser ein auke med 134 barn i alderen 0-5 år i perioden 2015-2020. Dette er ein auke med om lag 27 barn per år.

Barnehagedekning i Stord kommune og landet (prosent)		
År	Stord kommune	Landet
2005	78,2	76,0
2008	91,2	87,1
2009	92,1	88,5
2012	90,6	90,1
2013	89,7	90,0

Dekningsgraden gjekk jamt oppover fram til 2008. Seinare har han vore ganske stabil både i Stord kommune og landet generelt. Veksten dei siste 5 åra skuldast først og fremst at fleire 1 og 2 åringar går i barnehage.

Fordeling barn med full plass og deltidsplass i Stord kommune (prosent)		
År	Full plass	Deltid
2005	74,0	26,0
2009	90,7	9,3
2012	94,6	5,4

Tabellen viser fordeling av barn med full plass og deltidsplass i Stord kommune. Full plass er definert som opphaldstid på 33 timar per veke og meir, og deltidsplass er opphaldstid 32 timar per veke og mindre. Ein ser av tabellen at talet på barn med deltidsplass i Stord kommune gått jamt ned gjennom fleire år. I 2005 hadde 26 % av barnehagebarna deltidsplass og i 2012 var det kun 5,4 % med slik plass. Den same utviklinga skjer også i landet generelt.

Fordeling barn etter type barnehage i Stord kommune (SSB)						
År	Stord kommune		Landet			
	Kommunal	Privat	Kommunal	Privat	Fylke/stat	
2004	47,8	52,2	54,3	43,5	2,2	
2009	26,0	74,0	53,1	46,3	0,6	
2012	24,0	76,0	52,4	47,3	0,3	

Tabellen viser prosentvis fordeling av barna etter type barnehage. Ein ser at i Stord kommune var andelen private barnehageplassar i 2012 76 %, medan landet generelt har ein andel private barnehagar på 47,3.

6.2 Oppveksttun på Litlabø

I vedteken skulebruksplan er det lagt til grunn etablering av oppveksttun på Litlabø knytt til skulen. Skulen har eit areal på 7,6 dekar, inkludert areal til gamleskulen. Oppveksttunet var meint å erstatta dagens Sagvåg og Litlabø barnehage.

For å gjera dei kommunale barnehagane meir kostnadseffektive, bør det i staden vurderast ei samlokalisering av Sagvåg og Litlabø barnehage og Tjødnalio barnehage. Dersom kommunen vel å byggja eit barnehagebygg med om lag 170 barnehageplassar i Tjødnalio, vil dette bygget ha plass til barna i Sagvåg og Litlabø barnehage, og samtidig auka kapasiteten i området med 100 nye plassar. Det vert lagt opp til at dette spørsmålet vert handsama i ei eiga sak.

6.3 Kommunal eller privat utbygging

Private utbyggjarar har i Stord kommune hatt ei særskild viktig rolle i å få etablert eit godt barnehagetilbod. Private aktørar har gjennomført hovuddelen av investeringar og drift. Det har også vore ein økonomisk fordel for Stord kommune å ha ein stor andel private barnehagar, særleg dei siste åra. Dette fordi tilskotsatsane til dei private barnehagane i kommunen har lege under driftskostnadene i dei kommunale. Frå 2015 vert driftstilskotet til private barnehagar tilsvarende det dei kommunale brukar på drift. Kommunen sitt økonomiske insitamentet for vidare utbygging i privat regi vert då svakare.

Fleire barnehagar har leike- og opphaldsareal som dei ikkje nyttar heilt ut. Kommunen kan påleggja eigne barnehagar å bruka heile det godkjente arealet, men ikkje dei private. Dette medfører at kommunen ikkje har oversyn over kor mange barnehageplassar som er tilgjengeleg i høve godkjent leike- og opphaldsareal.

Dersom private barnehagar avviklar drift/vert lagt ned, kan kommunen få vanskar med å tilby barnehageplass til barn med rett til plass. Dette kan til dømes skje med små og økonomisk sårbare barnehagar, dersom tilskotet vert for lågt. Kommunen må då erstatta plassane på relativt kort tid.

Private barnehagar har, dersom det er forankra i vedtektene deira, høve til å ta inn barn utan rett til plass føre barn med denne retten. Dette er gjerne søsken av barn som går i barnehagen

eller personalet sine barn. I Stord kommune er det i august 2014 ti barn med barnehageplass utan rett til slik plass.

Ved bygging av store barnehagar vil ein i periodar ha kapasitet til å ta inn mange barn utan rett til plass, noko som kan verta dyrt for kommunen. Dersom kommunen byggjer sjølv, kan ein velja å ta bygget gradvis i bruk.

Omsynet til effektiv økonomisk drift tilseier at utbygging av barnehageplassar i planperioden bør skje i kommunal regi. Det viktigaste argumentet for dette er at kommunen vil få betre oversyn over talet på tilgjengelege barnehageplassar.


6.4 Behov for nye barnehageplassar

Barnehagekapasiteten i Stord kommune vert i 2015 på om lag 1235 plassar. Ein prognose for utbyggingsbehovet for barnehageplassar vil vera ein funksjon av fleire ukjente faktorar. Då kommunen ikkje styrer opptakskriteria eller opptakskretsen til dei private barnehagane, bør kommunen ut frå det som går fram av avsnitt 6.3 i alle fall ha kapasitet tilsvarende ti plassar for å ta høgde for at barn utan rett får tildelt plass.

Barn av studentar og arbeidstakarar som er busette i kommunen, men som er folkeregistrert i ein annan kommune, har rett på barnehageplass i Stord kommune. Desse barna er ikkje med i prognosane for folketalsutviklinga. Talet på barn i denne gruppa varierer frå år til år og heng mellom anna saman med tal på tilsette i industrien. Denne gruppa er forsiktig estimert til ti plassar.

Innføring av to årlege barnehageopptak vil venteleg medføra at om lag 80 fleire barn vil ha rett til barnehageplass.

Barnehagekapasiteten i Stord kommune vert i 2015 rundt 1235 plassar. Prognosar viser at med middels folketalsvekst vil Stord kommune i 2015 ha 1584 barn i alderen 0-5 år, og 1718 barn i 2020. Alle desse barna har ikkje rett på barnehageplass og om lag 10% vil ikkje søkja om barnehageplass. For å ha plass til om lag 90 % av barna med rett til barnehageplass i planperioden, må kommunen ha tilgjengeleg om lag 1235 barnehageplassar i 2015 og om lag 1355 plassar i 2020. Då er det ikkje teke høgde for at fleire barn kan få rett til plass, eller at private barnehagar vert lagt ned.



Ved utrekning av trong for barnehageplassar er det teke utgangspunkt i SSB sin prognose for barn i alderen 0-5 år i Stord kommune. Det er trekt frå eit årskull med 240 barn, og 90 % som vil ta imot barnehageplass. I tillegg er det lagt til 25 barnehageplassar. Tabellen syner at den nye barnehagen på Tyse i 2015, med 80 - 90 barn (100 storbarnsplassar), vil dekke trongen for barnehageplassar i Stord kommune fram til 2018. Dersom det vert 2 årlege opptak, må barnehageutbygginga tilpassast dette.

Prognosen viser at det er trong for fleire barnehageplassar i 2021 og i 2025. Dette med utgangspunkt i at det vert bygt om lag 80 – 90 plassar per utbygging.

6.5 Konklusjon

Prognosar for folketalsutvikling barn i alderen 0-5 år i Stord kommune, tilseier at kommunen treng fleire barnehageplassar frå august 2018. Dersom sentrale myndigheiter vedtek ei utviding av retten til barnehageplass, kan det verta trong for utbygging før 2018.

Av tabellen i kap 6.4 går det fram at det er trong for ytterlegare nye barnehageplassar i 2021 og i 2025. Utbygginga bør skje i kommunal regi. Kommunen sitt økonomiske insitament for vidare privat utbygging er ikkje like stort lenger. Det er vidare eit moment at kommunen slik kan få betre styring og kontroll med barnehagetilbodet.

Sagvåg og Litlabø barnehage sine lokale er svært lite eigna til moderne barnehagedrift, og dei har lokale som ikkje er bygt for formålet. Barnehagen bør ikkje vera i lokala dei har i dag meir enn nokre få år til.

7. Skisse til investeringsbehov 2015-2025

Barnehage	2015	2016	2017	2018	2019	2021	2025	Totalt
Skogatufto Rehabilitering	3,0	3,0						6,0
Sagvåg og Litlabø Rehabilitering	0,5							0,5
Furuly Rehabilitering		0,5						0,5
Tjødnalio Rehabilitering			0,5					0,5
Tjødnalio Nytt bygg				50,0				50,0
Trodlahaugen Rehabilitering					0,5			0,5
Ny barnehage						27,0	27,0	27,0
<i>Sum</i>	3,5	3,5	0,5	50,0	0,5	27,0	27,0	102,0

Alle tala er i mill kr (2014 nivå).

Investeringane for Skogatufto barnehage med 6,0 mill ligg inne i vedteken økonomiplan i 2015 og 2016. Det lagt inn 0,5 mill kr i 2015 til naudsynt opprusting av Sagvåg og Litlabø barnehage med tetting av tak og nytt kjøkken i avd Sagvåg (i Nysæter kyrkje), og opprusting av avd Litlabø. Dersom det vert vedteke å byggja nytt kommunalt barnehagebygg i Tjødnalio innan 2018, med plass til barna i Sagvåg og Litlabø barnehage, bør rehabilitering av denne barnehagen vurderast på nytt.

Byggestart for nytt barnehagebygg i Tjødnalio i 2017, med ferdigstilling i 2018.

Kostnadstala for nye barnehagar og rehabilitering av eksisterande må kvalitetssikrast. Rehabiliteringskostnadane for dei kommunale barnehagane er i hovudsak basert på Stord kommunale eigedom KF sine overslag.



Tjødnalio barnehage (foto: Tjødnalio barnehage)